

Sakshandsamar:

Merete Farstad
E-post: Merete.Farstad@sfj.no
Tlf.: 97742381

Vår ref.

Sak nr.: 15/9563-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

42806/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.09.2015

Askvoll kommune

Oppnemning av kommunale representantar til Sogn og Fjordane Vassregionutval - valperiode 2015-2019

Vi minner med dette kommunane i vassregion Sogn og Fjordane om å nemne opp representantar til Sogn og Fjordane vassregionutval og til vassområdeutvala. Desse utvala er styringsgrupper for utføring av arbeid etter Vassforskrifta (*Forskrift om rammer for vannforvaltningen*). Vi ber om tilbakemelding snarast etter kontinuering av kommunestyre.

For å sikre god forankring i kommunen, oppmodar vi kommunane om å vere representert på ordførarnivå i vassregionutval og vassområdeutval. Ein administrativ bisittar frå kommunen møter i begge utvala og vil og sitte i ei administrativ prosjektgruppe, som er sekretariat for vassområdeutvalet. For å sikre kontinuitet i arbeidet oppmodar vi om at same representant sit i vassregionutvalet og vassområdeutvalet. Det er venta 1 – 2 møter i kvart av utvala per år.

Bakgrunn og heimelsgrunnlag

Formålet med planen er å gi ei oversiktleg framstilling av korleis vassmiljøet og vassressursane i vassregionen er ønskt forvalta i eit langsiktig perspektiv.

Målet er å utarbeide ein regional vassforvaltningsplan med eit tilhøyrande tiltaksprogram som vert revidert kvart 6. år gjennom tre planperiodar. Regional plan for vassforvaltning skal bidra til å koordinere og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Planen set miljømål for vassførekomstane våre. Tiltaksprogrammet omtaler aktuelle tiltakstypar som skal til for å nå miljømåla.

Vassforskrifta set krav om organisering av vassregionutval under leiing av vassregionmynda jf. §§ 22og 23 i vassforskrifta. Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassdragsmynde for Sogn og Fjordane vassregion.

Vassregionutvalet er sett saman av 2 representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein politisk vald representant frå kvar kommune og ein administrativ bisittar. I tillegg er det ein representant frå kvar av sektorstyresmaktane: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NVE Region Vest, Mattilsynet region Sør og Vest, Fiskeridirektoratet Region Vest, Statens Vegvesen Region Vest, Kystverket Vest. Vassregionutvalet er leia av fylkeskommunen.

Sogn og Fjordane Vassregion er inndelt i 4 vassområde: Nordfjord, Sunnfjord, Indre Sogn og Ytre Sogn. Kommunane har ei sentral rolle i styringsgruppa for vassområda. Kommunane er styresmakt for avløp, jordbruk, ureining med meir. Kommunen er ansvarleg for å nå miljømåla dersom påverknadane kommunen er ansvarleg sektorstyresmakt for gir for dårleg tilstand i vassdrag og kystvatn.

Vassområdeutvalet er sett saman av representantane frå kommunane, 1 representant frå fylkeskommunen, og ein frå kvar av sektorstyresmaktane. Sogn og Fjordane har 26 kommunar.

I tillegg er det kommunar utanfor fylkesgrensa som har areal innanfor vassregionen. Også desse kommunane er inviterte som medlemar i vassregionutvalet.

Meir informasjon om Vassforskrifta og Vassdirektivet finn de på <http://www.vannportalen.no>. Under dei regionale sidene finn de informasjon frå Sogn og Fjordane.

Tilbakemelding

Fylkeskommunen ber om tilbakemelding frå kommunen med namn, e-post, postadresse og telefon til ein politisk representant og ein vara til vassregionutvalet og aktuelle vassområdeutval. Vi ber kommunen om eventuell endring av administrativ kontaktperson og vara for denne med opplysningar om e-post og telefon for vedkomande. Vi ber om tilbakemelding snarast etter konstituering av kommunestyre.

Vedlagt ligg ei liste over noverande politiske representantar og administrative kontaktpersonar for planperioden 2010-2015.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Oversikt over medlemar av Sogn og Fjordane vassregionutval 2011-2015

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Postboks 54 6961 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Kommunehuset Smia 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Naustdal kommune Postboks 43 6806 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Solund kommune 6924 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN
Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM
Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL
Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
Lom kommune Midtgard 2686 LOM
Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES
Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN
Skjåk kommune 2690 SKJÅK
Stranda kommune Postboks 264 6201 STRANDA
Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK
Vaksdal kommune Konsul Jebsens gate 16 5722 DALEKVAM
Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES
Vanylven kommune Rådhuset 6143 FISKÅBYGD
Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA
Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS
Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA
Ål kommune Torge 1 3570 ÅL

Kopi til: